




Lutelandet Utvikling AS Tlf +4790129440
post@lutelandet.no www.lutelandet.no
Næringstorget 6963 Dale Org.nr: 988545171



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Ved Stig Vattekar og Bjørn Falck Russenes
Askedalen 2
6863 Leikanger

Forholdet til Luna Industri/Luna Mineral

Vi er kjende med at Sogn og Fjordane Fylkeskommune er i ein diskusjon i høve til si rolle når det gjeld Luna Industri og Luna Mineral i Aurland.

Som kjent har industriprosjektet på Lutelandet sitt utgangspunkt i arbeidet med utvinning og foredling av anortositt. Sjølv om vi no har utvida vårt arbeid til å omfatta også anna industri, er utvikling av industri basert på lokale mineral som anortositt kombinert med naturgass ein berebjelke i arbeidet med å utvikle Lutelandet.

Styret i Lutelandet Utvikling AS drøfta 20.08.08 forholdet til Luna Mineral og Luna Industri. Då gjorde styret i Lutelandet Utvikling slikt vedtak:

Styret meiner at det er viktig at Lutelandet Utvikling kjem i posisjon i forhold til prosessane rundt anortositt, og meiner det vil vere ei god løysing at Lutelandet Utvikling blir ein stor aksjonær i Luna Industri. Dagleg leiar blir beden om å ta dette opp i eit brev til fylkeskommunen.


Som de er kjende med pågår det no eit arbeid mellom StatoilHydro og Nordic Mining som er hovudeigarar av Gudvangen Stein rundt nye klimavenlege industriprosessar med anortositt som råstoff og.

Det er viktig at Sogn og Fjordane har ein eigna reiskap til å henge med i dette arbeidet. I dag har Lutelandet Utvikling kontakt med både Nordic Mining og StatoilHydro rundt dette arbeidet. Mellom anna er StatoilHydro med og finansierer eit forprosjekt der vi ser på Lutelandet som lokaliseringsstad for eit testanlegg. På den bakgrunn er det viktig at det eigarskap Luna Industri har til prosessane rundt Anortositt blir i fylket også i framtida.

Vi trur at Lutelandet Utvikling kan vere eit nyttig selskap for Sogn og Fjordane når det gjeld å få industrialisert anortositt og andre mineral i fylket. Sidan Luna Industri i dag ikkje har noko administrasjon vil det vere naturleg at administrasjonen i Lutelandet Utvikling AS også blir administrasjon i Luna Industri.

Dale, 16.06.09

Med helsing
Lutelandet Utvikling AS



Stein-Arne Ottesen
Dagleg leiar